

Ein av tre pårørande fryktar brann hjå nære eldre

Ein av tre pårørande fryktar at eldre i familien skal bli ramma av brann. To av tre har ikkje tenkt over kor utsett denne gruppa er for brann.

Det viser ein undersøking TNS Gallup gjennomførte for Norsk brannvernforening og KLP Skadeforsikring i fjor haust.

- Det er ei kjensgjerning at eldre heimebuande er meir utsette for å omkomme i brann enn andre. Difor er det så viktig at alle engasjerer seg, ikkje minst dei pårørande som står dei gamle nærmast. Familiemedlemmer kjenner ofte best til kva utfordringar dei gamle har til daglig, seier adm. direktør Dagfinn Kalheim i Norsk brannvernforening.

Brannvernforeningen og KLP etablerer no kampanjen «Bry deg før det brenn», som har til hensikt å engasjere fleire pårørande til å ta grep for å styrkje branntryggleiken hjå heimebuande eldre.

Engasjerte brannvesen

27 brannvesen over heile landet vil gjennomføre informasjonsaktivitetar retta mot pårørande i andre halvdel av mai. Mange vil ha stand på kjøpesentre og andre stader der mykje folk samlas. Hensikta med «Bry deg før det brenn» er å motivere og aktivisere pårørande. Det skal skje ved at dei får informasjon om brannfarane som eldre er utsette for, og kva førebyggjande tiltak som er aktuelle. Med slik kunnskap kan pårørande med forholdsvis enkle grep bidra til økt brannsikkerhet heime hjå sine eldre.

- Vi tykkjer dette er eit viktig budskap å spreie. Dersom pårørande har brannsikkerheten i bakhovudet ved besøk hjå dei eldre, bør det også falle naturleg å ta ein enkel sikkerheitssjekk med jamne mellomrom, seier Olav Helge Ylvisåker hjå Sogn brann og redning IKS.

- Blant enkle tiltak som dei pårørande kan bidra med, er batteriskifte og jamleg testing av røykvarslarar. Dei pårørande bør også sjekke at bustaden har sløkkjeutstyr, og at dette faktisk kan nyttast av bebuar. Å skaffe seg komfyrvakt er et anna tiltak som pårørande bør vurdere, anbefala Ylvisåker.

- Bry deg

Elin Evjen, direktør for Offentlig/Bedrift i KLP Skadeforsikring, meiner at det er viktig at KLP bidreg til et tryggare samfunn.

- I samarbeid med gode krefter i samfunnet og den enkelte kommune har vi særlig fokus på brannsikkerheit. Pårørandeprojektet angår oss alle. Fleire og fleire eldre vert buande heime lengre. Og for å føle seg trygg er det viktig å snakke om brannsikkerhet, og å gjøre einkle grep for dei ein er glad i, seier ho.

Nokre små grep kan redde liv:

- Byt batteri i røykvarslaren ved behov
- Test at røykvarslaren fungerer, og vurder behovet for ein spesialvarslar
- Flytt på eller fjern møblar som står i vegen for rømningsvegar
- Diskuter ein rømningsplan for den det gjeld
- Kjøp inn alternativt sløkkjeutstyr (f.eks. brannteppe, sløkkjespray eller liknande)
- Installer ein komfyrvakt, eller få ein elektrikar til å gjere dette
- Diskuter brannfaren ved bruk av komfyren
- Fjern farlige kilder til opptenning i peis og vedovn

- Skaff tennbriketter/tennposer
- Kontakt ein el-kontrollør som sjekkar om alt det elektriske er i god stand
- Fjern støv frå el-apparat
- Skaff flammelause stearinlys
- Fjern brennbar pynt frå mulige tennkilder
- Skaff eit røykeforkle viss den det gjeld røyker
- Diskuter faren ved å røyke på senga

Sjå og: www.facebook.com/brydegfordetbrenner

Kontaktpersoner for pressen:

Olav Helge Ylvisåker, branninspektør i Sogn brann og redning IKS

Tlf: 918 42 982

Dagfinn Kalheim, adm. direktør i Norsk brannvernforening

Tlf: 977 59 029

Elin Evjen, Direktør for Offentlig/Bedrift i KLP Skadeforsikring

Tlf: 995 36 346